



Alsaker Fjordbruk AS
Flakkavågsvegen 12
5694 ONARHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2391 - 18/22797

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
30.10.2018

Godkjenning - GBNR 43/27 - Løyve til riving - Ryland

Administrativt vedtak. Saknr: 289/2018

Tiltakshavar: Salar Bruk AS
Ansvarleg søkjar: Alsaker Fjordbruk AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve i eitt trinn for å rive ein bygning på gbnr. 43/27, Ryland. Den omsøkte bygningen har eit bebygd areal (BYA) på 186 m² og eit bruksareal (BRA) på 274 m² og er nytta som driftsbygning innan smoltproduksjon.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 9.10.2018.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd, og det er ikkje kome merknadar til saka.

Godkjenning frå panthavar:

Ansvarleg søkjar har opplyst at det ikkje er pant i den omsøkte bygningen. Tiltaket er dermed ikkje avhengig av godkjenning frå panthavar.

Lov- og plangrunnlag:

Riving av bygning er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav e), jf. bokstav a). Tiltaket er søknadspliktig, med krav om ansvarleg føretak, jf. Pbl § 20-3, jf. § 20-2.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Den omsøkte egedomen er ikkje regulert, men er sett av til næringsformål i kommuneplanen sin arealdel (KPA), område N_15. Riving er dermed ikkje i strid med gjeldande arealformål.

Vidare ligg egedomen innanfor sikringszone H190_1, Rylandsvassdraget. I kommunen sin forvaltningsplan, med tilhøyrande kart og retningslinjer, ligg området innanfor klasse 1. Dette inneber at inngrep som er til skade for verdiar som blant anna friluftsliv, bør unngåast. Administrasjonen føreset at det omsøkte tiltaket ikkje får negative konsekvensar for området.

Avfallshandtering:

Tiltaket har krav til avfallsplan etter byggt teknisk forskrift (TEK17) § 9-6 bokstav c). For slike tiltak skal det i samband med søknad om ferdigattest utarbeidast «...en sluttrapport som viser faktisk disponering av avfall, fordelt på ulike avfalsstyper og-mengder».

Ansvarleg søker har sendt inn sluttrapport med avfallsplan saman med søknad om løyve til tiltak. Administrasjonen føreset at rapporten blir fylgt opp ved gjennomføring av tiltaket og oppdatert i samband med søknad om ferdigattest.

Ansvarsrett:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 9.10.2018. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. Pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarlege og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. Pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav e), jf. Bokstav a), løyve til riving av eksisterande bygning på gbnr. 43/27, som vist med kryss på vedlagte situasjonskart.

«Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigeendom, bygningar, bustadar og adresse.

«Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. Pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så fram det ikkje er gitt unntak.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

D1-situasjonskart-riving
Q1-avfallsplanK1

Kopi til:

Salar Bruk AS	Flakkavågsvegen 12	5694	ONARHEIM
---------------	-----------------------	------	----------

Mottakarar:

Alsaker Fjordbruk AS	Flakkavågsvegen 12	5694	ONARHEIM
----------------------	-----------------------	------	----------